

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leksvik

Emne: Læving

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan,

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Både av eiga røynsle og etter prat med gamle folk her i Leksvik.*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Læving har vori mykje brukt som hjelpefôr før i tida. Eingong var det truleg viktigaste måten å senke vinterfôr på. Og seinare har lævet, saman med skavet, tvillauvet vori viktigaste hjelpefôr.

Men no for tida blir ikkje læva så mykje som før i tida, og det ser ut som det fram lei skal bli mindre av det, etter som det blir vandare og vandare om arbeidskraft på gardane.

Lævinga, slik ho har gått for seg og slik ho går for seg idag, er hjerwing. Og lævskogen er stort sett bjørk. Noko bygde i framgangs- måten med lævinga vut ikkje gamle folk å fortelja om.

Det vanlege er at ein har teki til med lævinga straks ein er vorten ferdig med slakten. Ofte kunne ein ha læv medan ein

2

venter på at siste graset ein slo
skulle bli tørt. Tidskaper er
til vanleg laurkroken. Laurkroken
er ikkje anna enn ei smal og
stutt sigd som er kroat litt
mer enn ei vanleg sigd. Det
har vori vanleg å laga slike av
gamle, nedslitne tjær.

Ein driv som regel lauringer
av ståande skog. Men laurtrær
som er store, og som ein vil
bruka til ved, blir først fælde,
og så skjyr ein det gyttke av grein-
ene av med laurkroken. Av
slike laurkvistar lagar ein så
tjervar som er så store, at når
dei er tørre inneheld dei 1 kg.
tørt laur.

Laurtjervane får anten stå
ute til dei er tørre, eller om
ein har godt om husrum, blir
dei hatt i hus straks og reist opp
innetter eit golv eller ei låvebrø,
slik at luftdraget kan koma til.
I sjeldnare tilfelle har ein ståne
laurvot ute til det er heilt tørt.

Laurvot som før var verdssett
mykje høgar for i tida enn no.
Det meste av høyet for var mark-
høy eller høy av dårleg innmarkslitt.
Og innbringinga var vil mangein gong
vere så som så. Når ein hadde
eit lass markahøy og 100 laurtjerv
vart dette rekna som eit godt

vinterfôr til ei gjiet eller ein sau.
 I same band med laustakings mî
 nemmast at dei gamle rekna i
 såkalla "stor-hûndre" når det
 var snakk om 100. "Stor-hûndre"
 var 120.

— " —

Nokon annan måte for læving
 her i bygda enn den som er
 nemnd her kjemmer ein ikkje til
 at ein t.d. også kan ha rîpa
 læva kan godt henda. Men det
 har da gått for seg i så liten
 målestav, at det ikkje har vori
 å rekna for.

Ein kjemmer heller ikkje til
 om det har vori vanleg å bruka
 røter, tang og tare, hestemikk eller
 rogneber som attâffôr åt hûrdya.

— " —

Når det gjeld luring og
 mosing, kjemmer ein heller ikkje
 til at dette har vori brukt.
 Forresten er det så lite av reins-
 nose i bygda, at det aldri kûnna
 bli til nokor hjelp som attâffôr.

— " —

1827